

Til kommuneleinga i Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy kommune

## Auke bruk av kjernejournal ved Nordhordland legevakt

### Innføring av kjernejournal og måltal for bruk

Frå 1. mars 2017 er kjernejournal innført nasjonalt. Alle innbyggjarane i landet har no kjernejournal og fastlegekontor, legevakter og sjukehus har tilgang til tenesta. Det betyr at informasjonen i kjernejournal kan delast på tvers av helsevesenet. I kjernejournal finn helsepersonell viktig informasjon som kan bidra til å redde pasienten sitt liv. Kvar veke er det over 6000 oppslag totalt i kjernejournal.

Fordi tenesta no er innført i heile landet, gjer direktoratet ein gjennomgang av bruken på alle legevakter som har starta med kjernejournal.

Direktoratet for e-helse har fastsatt måltal for oppslag i kjernejournal på legevakter (sjå vedlegg). Måltala indikerer ein minimums bruk av kjernejournal, og er basert på at oppslag i kjernejournal gjerast i 5 % av pasientkonsultasjonane.

Nokre legevakter utmerkar seg når det gjeld bruk av kjernejournal. Ei av desse starta med kjernejournal i oktober 2016 og er allereie godt over måltalet for oppslag i veka. Dei slår opp i kjernejournal i meir enn 5 % av pasientkonsultasjonane.

### Bruk av kjernejournal i Lindås kommune

På Nordhordland legevakt er det frå 2016 til februar 2017 gjort totalt 3 oppslag. I følgje måltal og kategorisering av legevakta sin storleik bør Nordhordland legevakt i snitt gjere 23 oppslag i veka.

### Tiltak og oppfølging

Nokre tiltak går igjen i dei verksemdene som utmerkar seg ved bruk av kjernejournal:

- Prosjektet prioriterast av leiinga og dei med ansvar for IKT
- Bruk av kjernejournal er fastsett i prosedyrane i verksemda
- Tydeleg ansvarsfordeling for oppfølging og bruk av kjernejournal i verksemda
- Rutine for informasjon og opplæring i kjernejournal for nyleg tilsette og turnuslegar

Direktoratet ønskjer ei tilbakemelding på kva tiltak Lindås kommune eventuelt tenkjer å gjere for å auke bruken av kjernejournal. Dersom dykk treng meir informasjon om kjernejournal, har behov for ytterlegare opplæring eller det er anna vi kan bidra med, gjer vi gjerne det.

**Direktoratet for e-helse**  
Avdeling Innføring

Vi ser fram til eit vidare godt samarbeid om innføring av nasjonale e-helseløysingar.

*Dokumentet er godkjend elektronisk*

Med helsing

Rune Røren e.f.  
avdelingsdirektør

Gunnhild Orten  
seniorrådgiver

Kopi til Fylkesmannen i Hordaland

### Vedlegg

Måltal for bruk av kjernejournal på legevakta. Måltala er basert på at det skal gjerast oppslag i 5 % av pasientkonsultasjonane.

MÅL FOR INNØRING VED OVERLEVERING TIL FORVALTNING			
Aktør			Resultatmål
Legevakt	Liten (<20.000 innbyggere)	10.000 som faktor	4 oppslag ukentlig
	Medium (20.000-100.000 innbygg.)	60.000 som faktor	23 oppslag ukentlig
	Stor (>100.000 innbyggere)	250.000 som faktor	96 oppslag ukentlig